

## Open Gard ein ny suksess

21.08.2010



Myldrande liv i Revuro i dag

I dag er det Open Dag på Revuro samdrift i Omvikdalen som ledd i eit landsomtande arrangement og alt tyder på at det blir suksess - som da det same arrangementet vart halde der for 2 år sidan.

Etter berre ein time var 350 besøkjande registrert medan det enda på 450 sist og publikum fekk eit allsidig og imponerande inntrykk av ein dal der samarbeidstiltaka og jordbruket blømer. Det er 12. gongen det blir halde Open Dag i Omvikdalen. Faktisk kom besøkstalet opp i 620 til slutt!



[Asbjørn Olsen hadde med seg 4 gamle traktorar](#)

- Mykje av den vind i segla som samarbeidet har fått kan tilskrivast bondekafeen som no har halde det gåande i 20 år og som møtest fyrste måndag i kvar måned, meinte primus motor Lars Børge Sæberg.- Der har mange gode tiltak vorte klekt ut.





William Hjørnevåg (5) frå Uskedalen på ein Fahr frå 1959.

Sidan Revuro vart starta som det første har ytterlegare 4 samdriftstiltak kome igang og for å streka under viljen til samarbeid tek vi med at Omvikdalen no har 6 ferdigbygde småkraftverk medan 2 er på planstadiet.

- Dette heng saman, når vi fyrst har starta samarbeid er det naturleg å byggja vidare på det, sa Sæberg.

Men Uskedalen er også naturleg nok godt representert på Open Dag. Asbjørn Olsen var ein populær mann skal ein døma etter alle spørsmåla han fekk om traktorane sine. Han synte fram 4 av dei rundt rekna 100 han no har samla og eldst var ein Case frå 1938. Dei 3 andre var ein Ursus (1956), ein Güldner (1958) og ein Fahr (1959). Sjølvsagt vart også moderne maskinar presenterte, men det er så rart med nostalgien....

Bølingen i Revuro var i stor grad å sjå på grøne grasgangar, men stutar og kalvar var inne og ellers kunne ein sjå grisar, hanar, høner og kaninar. Frå ein vrimmel av aktivitetstilbod tek vi fram riding, høyhopping, eventyrstund og motorsagtevlning og blant dei som hadde stands nemner vi 4H, bygdekvinnelaget og TINE. Hjø den siste var det gode råd å få av topptrimma rådgjevarar.

I dei 5 timane det heile stod på vart det også gjort ein imponerande innsats med servering og kvartetten bygdevinnelaget, 4H, bondelaget og bygdeungdomslaget fortener stor heider for å ha laga mykje fin PR for jordbruksnæringane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen